

---

**Fra:** Cathrine Grasdal <Cathrine.Grasdal@hfk.no>  
**Sendt:** 25. juni 2018 11:04  
**Til:** Arve Aasland; Postmottak Lindås; Bente.Karlsen@askoy.kommune.no; ivar.adlandsvik@askoy.kommune.no; Eli.Fosso@fjell.kommune.no; Lena.Garnes@fjell.kommune.no; tkms@os-ho.kommune.no; Marte Hagen Eriksrud; unn.kvam@vegvesen.no; Gunhild Raddum; hilde.erstad@bergen.kommune.no; Hanne.Thuen@askoy.kommune.no; Eli.Fosso@fjell.kommune.no; Frøydis Ones; reidun.instances@vegvesen.no; Fjell kommune; Askøy kommune; Os kommune; postmottak@bergen.kommune.no; post@husbanken.no; TinaTherese.Larsen@husbanken.no; sverre.hoynes@husbanken.no; fmhoeha@fylkesmannen.no  
**Kopi:** Marit Rødseth; Hans-Christian Engum  
**Emne:** Invitasjon til møte om forprosjekt bustadbyggeprogram i Bergensregionen  
**Viktighet:** Høy

### Invitasjon til møte

Planeksjonen hjå Hordaland fylkeskommune vil med dette invitere til eit møte 23. august 2018 i Fylkeshuset. Vi ønskjer å diskutere eit forprosjekt for regionalt bustadprogram i Bergensområdet, og vidare hovudprosjekt på bakgrunn av utlyste midlar med søknadsfrist 31. august d.å.

### Forprosjekt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav i november 2017 tilsegn om støtte på inntil kr 600 000 til eit forprosjekt. Dette forprosjektet skal bidra til å definere innhald og aktuelle tema til et regionalt bustadbyggeprogram og midlane skal nyttast til gjennomføring av arealanalyse og moglegheitsstudie. Analyser av fortettingspotensialet i dei fire regionsentra vil være svært nyttig i arbeidet med å oppnå ei urban utvikling i dei fire regionsentra, og i moglegheitsstudien er det ønskeleg å finne ut kva som må til for å få eit balansert og variert tilbod av bustader innafor dei regionale vekstsonene i Bergensområdet, med vekt på tilbodet til barnefamiliar.

Å utvikle eit slikt bustadbyggeprogram svarar ut tiltak i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>).

Fylkeskommunen vil definere og avgrense kva ein ønskjer få ut av dette forprosjektet, og korleis den enkelte kommune og aktør kan bidra inn. Dei grove rammene for bustadbyggeprogrammet er dels definert i utlysingstekst og tilsegn og dels i dei økonomiske rammene frå staten, men søkerane kan avgrensa og spissa prosjektet innafor desse.

### Nye midlar frå regjeringa

Vidare har KMD kome med nytt tilbod om tilskot til tiltak, og oppmodar til samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen. Søknadsfristen er 31. august. Dette ser vi som ei mogelegheit til å finansiere eit hovudprosjekt, og andre del av dagen 23. august vil vi nytte til å diskutere ein ev. søknad for dette.

Informasjon om utlyste midlar frå KMD: <https://www.regjeringen.no/no/dep/kmd/kmd-tilskudd/bolig--areal--og-transportplanlegging-for-en-barekraftig-og-attractiv-byutvikling/retningslinjer-for-tilskudd-til-bolig--areal--og-transportplanlegging-for-en-barekraftig-og-attractiv/id2548532/>

Kommunane kan sjølv søkja om midlar, men det ville vera tenleg å samordna søkerane gjennom møtet i august.

Tid og stad:

23. august, kl 0900-1430 i møterommet Sunnhordland.

Det blir servert lunsj i fylkeskommunen sin kantine.

Ver vennleg å melde tilbake om de kan delta innan 15. august 2018.

Venleg helsing

**Cathrine Grasdal**

Rådgjevar

regionalavdelinga | planseksjonen



[Cathrine.Grasdal@hfk.no](mailto:Cathrine.Grasdal@hfk.no)

telefon: 408 06 284